



\* Benedicte Seim frå Eid med hesten Stens Ylva.



\* Frida Ørstavik (11) har ridd sidan ho gjekk i første klasse, men ho debuterte som deltakar på ridestemne i helga. Hesten heiter Shetanja.

# Rideklubben med flott stemne

Volda rideklubb har positiv utvikling i aktivitet og rekruttering, og dette var synleg under helgas vellykka stemne i dressur og sprang.

Laurdag arrangerte Volda rideklubb både eit internt stemne med juniorklasser for medlemmar i klubben, samt eit utvida klubbstemne for meir erfarne ryttrar. Det utvida klubbstemnet hadde tolv-tretten deltakarar som kom tilreisande frå Nordfjordeid, Førde og Ørsta i tillegg til arrangørklubben.

– Vi har fleire rekrutteringsklassar for å få med dei unge, forklarar Linn Wangen Mork i styret i Volda rideklubb. Under arrangementet var deltakarane spreidde i alder frå dei heilt unge til vaksne ryttrarar, og alle fekk starte både i sprang og dressur.

## Første gong

På det interne klubbstemnet stilte ni deltakarar.

– Her er mange som debuterer og som aldri har ridd på stemne før, og det er kjekt at dei då kjem hit til oss for å få prøve seg. Dei yngste er heilt nede i sju-åtteårsalderen, og nokre godt vaksne, forklarar Liv Jorunn Nyhagen som sjølv er ein røynd konkurranseryttar. Anna Mork (12) frå Volda deltok på stemne for fyrste gong, og ho var godt nøgd med eigen innsats. Ho og den meir erfarne systera Randi Mork (15) har eigne hestar, og har berre godt å seie om hestesporten. – Det gir oss mykje glede å få vere med hesten, smiler dei. Også Frida Ørstavik (11) var glad for å vere med på stemnet. Ho har hatt



\* Randi Mork (15) gjorde det godt i det utvida klubbstemnet med hesten Bakkens Odin, og ho vann ein av klassane med heile åtte deltakarar.

eigen hest i snart eitt år.

– Eg har ridd sidan eg var førsteklasing, men dette var det første stemnet mitt, seier ho.

## Godt nøgd

Volda rideklubb skulle gjerne arrangert slike stemner oftare for dei lokale ryttarane. – Vi har stemne to gongar i året, og sidan vi er ein liten klubb er det dette vi greier å få til, seier Wangen Mork. Ho er godt nøgd med arrangementet.

– Ut ifrå tilbakemeldingane vi har fått tenkjer eg dette har vore veldig vellukka. Dei tilreisande verkar nøgde, og vi er ganske heldige med vêret, fortel ho. Wangen Mork gler seg særleg over dei mange tilreisande som kom på stemnet, og ho er glad for at det no har kome til fleire lokale ryttrarar som vil vere med. Den nye og utvida parkeringsplassen til rideanlegget i idylliske omgjevnader ved Rotevatnet kom godt med for dei mange bilane med hengarar som kom tilreisande.

## Aukande aktivitet

Volda rideklubb har om lag tretti medlemmer, og har fått fleire nye medlemmer som ei følgje av at her har kome studentar med eigen hest til bygda.

– Dette synest vi er veldig kjekt, og det fører med seg auka aktivitet, forklarar Wangen Mork. Ho fortel at her er mange born som ønskjer å ta del på ridekurs, og at dei ikkje heilt klarer å dekke etterspurnaden.

– Vi må bruke våre eigne hes-

tar sidan klubben ikkje har eigne rideskulehestar, men vi er likevel nøgde med at vi har fått til auka aktivitet, seier ho. Siste helga i oktober skal rideklubben ha open dag.

– Då blir det nokre junioraktivitetar som kan trekke litt folk. Å halde på med hest er ikkje akkurat ein lagsport, så det er viktig at vi legg til rette for slike treff, seier Nyhagen.

✉ KASPAR F. SELVIK



\* Systrene Randi (15) og Anna Mork (12) finn mykje glede i hestesporten.



\* Fleire kom for å sjå på deltakarane under stemnet ved Rotevatnet.



\* Under helgas hestestemne var kiosksalet ein viktig del av dugnadsinnsatsen bak arrangementet.